ALVER
KOMMUNE

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Kjartan Medaas | 27.04.2022 |
| Vår: 22/2217 - 22/32186 | kjartan.medaas@alver.kommune.no | |

# Søknad om arealoverføring og dispensasjon til uttale - gbnr 212/2 Eikanger øvre

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Søknad om arealoverføring og dispensasjon frå plankrav |
| Byggjestad: | Gbnr 212/2,59 |
| Tiltakshavar: | Per Gunnar Kleivdal og Ann-Helen Eikanger Kleivdal |

Saka gjeld søknad om arealoverføring av 736m² frå gbnr 212/2 til gbnr 212/59 for areal teke i bruk til garasje m.m. Det vert elles vist til søknad om arealoverføring motteken 09.03.2022 og til søknad om dispensasjon motteken 25.04.2022.

**Planstatus**
Arealet ligg i uregulert område sett av til Bustadformål i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås). Det er krav om at areal sett av til bustadformål skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til mellom anna arealoverføring. Pkt.2.2 i kommunedelplanen (KDP).

I tillegg ligg arealet innan for bandleggingsone for ny E39. (Omsynsone H710_10)



Situasjonsplan. Omsøkt areal med raud farge.



Ortofoto 2020.


*Utsnitt av kommunedelplan for Lindås. Blå ring rundt omsøkt areal.*

**VURDERING**
Arealet som vert søkt arealoverført vart teke i bruk av bustadtomta gbnr 212/59 på 80 talet. Arealet er bygd med mellom anna garasje og tilkomstveg.

I følgje punkt 4.3.1 i KDP skal arealoverføring til uendra bruk sendast Statens Vegvesen til uttale. Dette grunna plassering innafor bandleggingssone for framtidig ny E39.

Kommunen er positiv til å gje dispensasjon frå plankravet for å få ordna opp i dei formelle eigartilhøva.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om dispensasjon - gbnr 212/02 Eikanger øvre
Situasjonskart
Søknad om arealoverføring - gbnr 212/02 og 212/59 Eikanger øvre

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Per Gunnar Kleivdal | JØRNBREKKA 10A | 5913 | Eikangervåg |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | Lillehammer |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |